

ÅRSMELDING FOR BREIDABLIKK HYTTEFORENING

sept 2016 –sept 2017

Breidablikk hytteforening har per dato 71 medlemmar.

Styret har i perioden bestått av *Kirsti Gjørvad (leiar)*, *Roger Howden (kasserar)*, *Ingvild Bøstrand (sekretær)*, *Kjell Warholm og Bodil Berge (styremedlemmar)*. *Varamedlemmar har vore Knut Harstad og Sveinung Hovde*. Revisor har vore *Per Bjerke*.

Styret har i perioden hatt 4 møter.

Ut over generell aktivitet og løpande saker har styret hatt fokus på følgjande:

- Ny heimeside
- Registrering av Breidablikk Hytteforening i Einingsregisteret i Brønnøysund, og eigen bankkonto i Sparebank1 Søre Sunnmøre.
- Dialog med Skjåk kommune om vegansvar med vedlikehald, samt brøyting og vedlikehald av parkeringsplassen.
- Dialog med Skjåk kommune om handtering av vatn/gråvatn.

Det har vore sendt ut ein medlemsinformasjon i form av påskebrevet for å informere om felles aktivitet. I år nytta vi systemet mailchimp til utforming av brevet og sjølve utsendinga. Målsettinga er å sende ut medlemsinformasjon 1-2 gongar pr år i tillegg til heimesida.

I påska vart det arrangert Påskemoro med konkurranse i aking og hopp for alle aldersgrupper, og det vart servert gløgg og påskegodt. Dei som ville kunne også grille pølser i bålpanna. Vi talte ca 50 personar som var innom arrangementet.

Det vart også arrangert tur til Kjerringtjønn 3.sept i fjor der åtte personar var med. Turen gjekk via Hamsehytta og Skomakarsteinen. Eit par gjekk også opp langs Kjerringelva.

Som tidlegare år har vi trimpostane på *Hamsehytta*, *Viahø* og *på brua over Hamsa*. Årets vinnarar blir informert om på årsmøtet 2. september. Premien er 3 gåvekort på 500 kr.

Årsmøtet i 2016 vart halde på Grotli Høgfjellshotell 3. september. Som tidlegere år var det buffet og sosialt samvær etterpå.

Styret ynskjer fortsatt godt hytteår!

Styret for Breidablikk hytteforening
12 August 2017.

